



SYKKYLVEN KOMMUNE

Løypeplan

for områda kring Nysætervatnet

PLANOMTALE m føresegner PlanID 15282018002

Vedtak kommunestyret 04.04.2022, sak 20/22 04.

Legg grønstrukturen først – så kan ein plassere hyttetomtene etterpå. Gjer ein det omvendt, blir det neppe gode løysingar (råd frå Trysil kommune).

INNHOLD

1	Bakgrunn og formål med planarbeidet	3
2	Avgrensing av planområdet og plantema	3
3	Innhald og verknad av planen	4
4	Rammer for planarbeidet.....	4
4.1	Lokale føringer	4
4.2	Nasjonale og regionale føringer	5
4.3	FN's berekraftsmål.....	5
5	Planprosess	5
6	Interkommunalt samarbeid	6
7	Medverknad	6
8	Utfordringar	6
8.1	Sikring av løypetraserar	6
8.2	Gjeldande reguleringsplanar	7
8.3	Utbyggingsområde	7
8.4	Kulturminne	7
8.5	Naturtilhøve	7
8.6	Friluftsliv	7
8.7	Landbruk.....	8
9	Om planforslaget.....	8
9.1	Løpenettet	8
9.2	Løypekategoriar	8
9.3	Oversikt over løyper i planen.....	9
9.4	Løyper utanfor plan	10
9.5	Opparbeidingsgrad	11
9.6	Vegkryssingar.....	11
9.7	Lysløypa	12
10	Konsekvensutgreiing	13
10.1	Metode og kunnskapsgrunnlag	13
10.2	Eksisterande løpenett.....	21
10.3	Konsekvensvurdering nye løypetraserar	24
11	Føresegner	30

1 Bakgrunn og formål med planarbeidet

Løypeplanen skal sikre noverande og framtidige trasear for skiløyper i områda kring Nysætervatnet. Området er eit lokalt og regionalt viktig turområde på Sunnmøre.

Gode løyper er ein sentral del av området sin attraktivitet, og grunnlag for allmenn folkehelse og stor næringsaktivitet.

Fastlagde trasear vil vere avklarande for alle brukarinteresser i området.


Gjeldande kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014) viser løypetraser som illustrasjon i plankartet. Desse er styrande men ikkje juridisk bindande. Eigen kommunedelplan for løpenettet vil gi ei juridisk sikring av løypetraseane som dagen plan ikkje gjer.

Traseane i gjeldande plan er heller ikkje presise nok på alle stader. Gjennom eigen løypeplan vert løypetraseane definert meir presist i plankart.

Løypeplanen omfattar ikkje anna arealbruk enn løyper i området. Ved framtidig rullering av Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet vil det vere naturleg å slå saman dei to planane.

2 Avgrensing av planområdet og plantema

Planområdet er kjerneområdet for vinterutfartsområda med tilrettelagt tilbod kring Nysætervatnet.



Området skal dekke dagens løpenett og område der moglege nye trasear kan etablerast i framtida.

Plantema har hovudfokus på skiløypetraserar.

Stranda kommune ynskte ikkje å gå inn i planlegginga. Løpenettet i Stranda kommune er ikkje ein del av planen. Traseane der er likevel vist i illustrasjonar for å syne heilskapen i løpenettet. Heile nettet vert køyrt frå Sykkylven.

I sluttahdsaming av planen er eit område kring Storhaugen tatt ut av plan. Her trengs meir detaljerte berekningar av ulike alternativ, før planvedtak. Rullering av hovudplanen for området, Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet, har oppstart i 2023. Løypeplanen skal innlemmast i hovudplanen. I og med rulleringa er nært foreståande, vert det vurdert som ei akseptabel løysing å bearbeide denne delen vidare, og gjere vedtak på resten av området.

3 Innhald og verknad av planen

Planen er utarbeida som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova kapittel 11. Plandokumenta er planomtale med konsekvens- og risikovurdering, plankart og føresegner.

Hovudverknaden av planen skal vere å trygge funksjonelle løypetraserar no og for framtida.

4 Rammer for planarbeidet

4.1 Lokale føringer

Samfunnsplan for Sykkylven – Skaparglede (2011-2025) - overordna målsettingar:

4. Sykkylven har gode møteplassar, trivsel og friske folk. Då må vi gjere slik at folk meistrar eigen livssituasjon og er friske, og vi må tilrettelege det fysiske miljøet.
Noko vi oppnår mellom anna med å utøve eit aktivt førebyggande helsearbeid og stimulere til god folkehelse, og ved å legge til rette for aktivt friluftsliv.

Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014) – PlanID 15282013001

Planen syner utbyggingsområde og hovudløpenettet i området. Løypetraserar er illustrert i plankartet. Dei er ikkje juridisk bindande del av planen, og er heller ikkje presise nok for alle løpene.

Reguleringsendring Nysætervatnet, ny lysløype – Plan ID 15282008002.

Løypeplanen overstyrer ikkje reguleringsplanen for lysløypa. Lysløypa er vist i plankartet som ein illustrasjon, utan juridisk verknad.

Anleggsplan for idrett og friluftsliv

Planen skal samordnast med anleggsplan for idrett og friluftsliv. Eventuelle tilskotsberettiga tiltak skal etter behov innrullera i anleggsplanen.

Helse- og omsorgsplan (2020)

Helse- og omsorgsplanen peikar på store utfordringar for helsetenestene i framtida. God førebygging, t.d. gjennom auka fysisk aktivitet, vert stadig viktigare for å oppretthalde ein frisk befolkning. Tilrettelegging for enkelt friluftslivet er det mest effektive tiltaket for å førebygge helesplager.

Næringsutvikling

Sikring av skiløyper er eit viktig grunnlag for næringsutvikling basert på tilreisande i vinterhalvåret. Sunnmørsalpane Skiarena Fjellseter er eit regionalt anlegg med eit breidt tilbod til alle aldersgrupper. Gode løyper er viktige for å skape attraktive hytteområder.

4.2 Nasjonale og regionale føringer

Løypeplanen er ein tematisk og geografisk svært avgrensa plan. Den føyer seg inn som eit viktig tiltak i tråd med dei **nasjonale måla** for friluftsliv:

1. *Friluftslivets posisjon skal ivaretas og videreutvikles gjennom ivaretakelse av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområder, og stimulering til økt friluftslivaktivitet for alle.*
2. *Naturen skal i større grad brukes som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge*

Stortingsmelding 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet

Sikring av løypetrasear er i godt samsvar med regjeringa sin **Handlingsplan for friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet (KMD 2918)**. Planen kan inngå i ein mogleg framtidig turruteplan for heile kommunen, slik handlingsplanen oppfordrar kommunane til å utarbeide.

Planen følger opp **Fylkesplan 2017-2020**, til dømes *Hovudmål kultur* – pkt. 4. om å fremme *god fysisk og psykisk helse*.

4.3 FN's berekraftsmål



Gode løyper bidreg til god helse for mange. Sikring av løyper er eit tiltak i tråd med **FN's berekraftsmål** nr 3: God helse.

5 Planprosess

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) er ansvarleg for den politiske prosessen fram til forslag kan leggast fram for kommunestyret til eigengodkjenning.

Kommuneadministrasjonen ved rådmannen har hovedansvar for utarbeiding og gjennomføring av prosessen. Teknisk eining er ansvarleg for praktiske gjennomføring.

Prosessen skal skje i nært samarbeid med grunneigarar, driftarar og brukarar av løpenettet.

I planarbeidet har det vore samarbeid med frivillige, Sykkylven IL-Ski nordisk, Velledalen IL, Sunnmørsalpane skairena, grunneigarar, hyttefolk, mm.

Det har vore gjennomført fleire grunneigarmøter og synfaringar med grunneigarar og med friluftssenteret.

Frå politisk side har ordføraren vor engasjert i prosessen særleg som bindeledd mot grunneigarar.

Administrativ arbeidsgruppe har vore folkehelsekoordinator og planleggar. Barnerepresentant og helsemedarbeidar er trekt inn ved behov.

Etter 1.høyring har det vore synfaringar i terrem (barmark) med grunneigarar og løypeplanleggarar, før 2.høyring.

6 Interkommunalt samarbeid

Ein viktig del av løypenettet ligg i Stranda kommune. For Stranda gjeld reguleringsplan for Nysætervatnet frå 2004. Planen er ikkje oppdatert i forhold til dagens løypenett.

Stranda kommune har vore invitert inn i planarbeidet, men har meldt at dei ikkje har kapasitet til å gå inn i eit felles planprosjekt.

Våren 2019 vart det varsle oppstart av regulering for hytteområda i Fausadalen inn mot kommunegrensa. Varsla planområde dekker eit sentralt område i løypenettet. Både Sykkylven kommune og Sunnmørsalpane skairena gav uttale ved planoppstart. Uttalane peika begge på at løypenettet er av stor lokal, interkommunal og regional verdi, og at nye utbyggings ikkje må svekke nettet.

7 Medverknad

Medverknad skal sikre god informasjon om planarbeidet, og gi alle som ynskjer det høve til å påverke arbeidet. Kommunen har eit særleg ansvar for grupper som ikkje er i stand til å delta direkte (*Plan- og bygningslova § 5-1*).

Planen er svært avgrensa tematisk. Medverknadsaktivitet er retta særleg mot interessegruppene eigarar, drivarar og brukarar av området.

For kartlegging av eksisterande trasear og vurdering av moglege alternative og eller nye traser vart det i 2017 etablert ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå Sykkylven friluftssenter, Velledalen IL, Sykkylven IL og Sykkylven kommune. Gruppa leverte eit verdifullt grunnlag for trasejusteringar.

Synfaringar har vore gjennomført med Sunnmørsalpane skairena,

Det har vore fleire møter med grunneigarlag, dialog med hytteforeining og med friluftssenteret i prosessen.

8 Utfordringar

8.1 Sikring av løypetrasear

Mål for prosessen er å sikre eksisterande og framtidige gode løypetrasear i eit attraktivt tur- og friluftsområde.

Utfordringar er knytt til hyttebygging, reiselivsverksemd, stølsdrift, fleire brøyta vegar, omsyn til grunneigarinteresser og til best mogleg terrentilpassa trasear.

Det er behov for å fastsette traseane meir presist enn kva som er illustrert i gjeldande kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet.

Løypetrasear skal fortrinnsvis etablerast utan behov for søknadspliktige terrenginngrep, og baserast på grunneigaravtalar og allemannsretten.

8.2 Gjeldande reguleringsplanar

Løypeplanen skal tilpassast gjeldande reguleringsplanar i området. Nye reguleringsplanar skal tilpasse seg løypeplanen.

Brøyting av private vegar er ei aukande utfordring, særleg då løypa stadvis har nytta ubrøyta vegrar som trase. Planen må sikre trasear som ikkje kjem i konflikt med vegnettet.

8.3 Utbyggingsområde

Løypeplanen omfattar ikkje utbyggingsområde. Planen inneheld berre løypetrasear. For all anna arealbruk gjeld *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet* (2014), gjeldande reguleringsplanar i området og *Kommuneplan, arealdelen* (2013) utanfor kommunedelplanen.

Mogleg konflikt med vassforsyning til hytteområde må vurderast. Alle borepunkt skal i dag registrerast i den nasjonale grunnvannsdatasbasen GRANADA (Norges geologiske undersøkelser).

Sikring av løypetrasear vil gjere hytteområda meir attraktive, og styrke næringsgrunnlaget for reiseliv.

8.4 Kulturminne

Sjølv om vinterløyper vil ha mindre påverknad på faste kulturminne og fornminne under bakken, skal trasene leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med registrerte kulturminne. Dette for å redusere potensielle negative følgjer.

Stølsområda i planområdet er gjennom Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014) underlagt omsynssone for bevaring kulturmiljø (H570) og sone med krav om felles planlegging (H810).

8.5 Naturtilhøve

Plantema er vinterløyper. Fokus på løypetrasear utan terrengeinngrep vil redusere konfliktpotensialet. Trasene må likevel leggast slik at ein unngår moglege konflikter med registrerte naturverdiar.

Moglege konflikter med sårbare og viktige naturverdiar skal vurderast for dei ulike løypene.

8.6 Friluftsliv

Friluftsliv er eit heilt sentralt, lågterskel folkehelsestiltak som får auka fokus frå regjeringa.

Det er ei veksande friluftsinteresse i befolkninga og for svært mange er det det enkle friluftslivet som er høgast verdsett.

Området fungerer som utfartsområde for store delar av Sunnmøre, og har status som eit regionalt viktig friluftsområde.

Løpenettet må fange opp hovudbruken og sikre gode løypetrasear i dag og for framtidig utviding. Sett i eit folkehelseperspektiv er dette eit svært viktig tiltak i området.

I samband med utarbeidning av gjeldande *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet* vart det gjort ei spørreundersøking om bruk av området. Resultata er brukt i arbeidet med løypeplan.

Ut frå vedtekne arealplanar for område kan ein vente relativt stor auke i talet hytter i området.

Vi må ut frå dette forvente at brukarane vert fleire i åra som kjem. Sikring av gode framtidige trasear er derfor svært viktig.

8.7 Landbruk

Landbruksaktiviteten i området er først og fremst knytt til beitebruk og stølsdrift. To stølar er i aktiv drift med mjølkeproduksjon. Området er del av eit større, og viktig, beiteområde for storfe og småfe.

Planen må vurdere kva mogleg verknad eit løpenett kan ha for landbruksinteressene i området.

Rydding av skog, moglege behov for terrengbearbeiding, brubygging o.a. vert vurdert som mindre tiltak med små negative følgjer for landbruket.

Vinterløyper og utmarksareal tilseier at direkte konflikt mot landbruk vert små i vinterhalvåret.

Sommarstid kan auka fritidsbruk føre til fleire konflikter med beitande husdyr. Auka bruk generelt kan føre til auka forsøpling med negative følgjer for beitande husdyr.

9 Om planforslaget

9.1 Løpenettet

Planen viser eit løpenett basert på mangeårige oppkøyrt trasear.

Løypene rundt Nysætervatnet (Fjellseterrunden) og Sætrevatnet er hovudstammen i nettet. Løypa rundt Storhaugen og løypa til Fetstølen og Nakkane (Håkonløypa) er viktige tillegg. Saman med Stigeliløypa i Stranda kommune utgjer desse i dag eit variert og svært attraktivt løpenett.

Formålet med planen er å sikre dei etablerte løypene best mogleg, samt sikre moglege framtidige trasear mot nedbygging.

I samarbeid med eigar- og brukarinteressene i området er traseane tilpassa eksisterande reguleringsplanar der desse har vore i konflikt. Som ein del av løypearbeidet og planprosessen har også løypene blitt justert noko somme stader for å redusere eller unngå konflikt med private vegar, etter grunneigarønske, eller på grunn av terrenghøve og vassproblem.

I planprosessen er det også vurdert moglege framtidige nye løypetrasear. Ut frå vedtekne arealplanar har området eit stort unytta potensiale for hyttebygging, og ein må ta høgde for auka brøyting av private vegar. Det er derfor viktig å lokalisere og sikre framtidige gode løypetrasear.

Gode mogleheter for enkelt friluftsliv er eit svært viktig folkehelsetiltak med stor førebyggande effekt. Løpenettet er eit lågterskeltilbod som i stor grad kan bidra til utjamning av helseforskellar – eitt av tre utvalgte område i regeringa si folkehelsemelding som kom i 2019.

Eit godt løpenett med gode, funksjonelle utviklingsmogleheter vil bidra til å sikre den generelle attraktiviteten i området og gi grunnlag for vidare næringsutvikling basert på natur- og friluftskvalitetar.

Løpenett i Stranda kommune er vist i illustrasjonar i planomtalen. Dette ligg utanfor det formelle planområdet, og er såleis ikkje ein del av planen. Området er vist som registreringar og er ein svært viktig del av det felles løypeområdet over kommunegrensa.

9.2 Løypekategoriar

Planen syner to ulike løypekategoriar:

1. Eksisterande løpenett.

Hovudløypa i området er Fjellseterrunden rundt Nysætervatnet og løypa rundt Sætrevatnet. Desse gir eit allsidig tilbod, lett tilgjengeleg frå offentlege parkeringsplassar.

Desse løypene skal ha høgast prioritet og vernast mot tekniske hinder, utbyggingar o.a. som kan bryte traseen. Løypene skal ikkje kryssast av brøyta veg.

Andre løyper er viktige løyper som alle vert køyrt i dag, men som ikkje er avgjerande for ein ubroten trase rundt vatna.

Der dagens løype er i konflikt med vedtekne reguleringsplanar, er løypa i plankartet justert og tilpassa reguleringsituasjonen.

Løypeplanen viser eksisterande løpenett meir presist enn kva som var gjort i kommunedelplanen.

2. Moglege framtidige løyper

Nye løypetrasear er først og fremst i Revsdalen. Dette er eit attraktivt turområde. Nye hyttefelt aukar behovet for å sikre gode tilkomstar og eit godt løpenett. Ny parkering er etablert på Tudalsreset. I samarbeid med grunneigarane og friluftssenteret er det funne ein god trase frå parkeringa ut i terrenget.

Det er vist ei kobling frå Revsdalen til Fjellseterrunden. Fleire koblingar er vurdert, mellom anna frå parkeringa på Tudalsreset. Mogleg inngrisen i godkjente bygggeområde gjer at dette vert å vurdere når kommunedelplanen skal rullerast.

Planen viser elles nokre moglege omleggingar der brøyting av privat veg kan verte eit behov, og der terrenget tillet å etablere gode alternativ.

Ved Vikelva/Storhaugen er det gått opp ulike trasear for å imøtekome grunneigarønske om å ikkje basere løypa på skogsvegen. Framlagt trase er ei tilpassang til den traseen som vart vedtatt i kommunedelplanen for området.

Når nye trasear vert køyrt opp vil variere, og vere avhengig av driftsmessige tilhøve for friluftssenteret som står for løypekøyringa. Det kan ta tid før ein klarer å etablere dei nye traseane. Målet for planarbeidet er å sikre gode løypemogleheiter for framtida.

Nye trasear vil alltid kunne justerast noko, men i hovudsak er det planfesta trasear som er målet. Løypene må få ei tenleg utforming i praktisk bruk.


9.3 Oversikt over løyper i planen

1	EKSISTERANDE LØYPER	Hovud-løype	Anna løype	Mogleg framtidig løype
	Fjellseterrunden Sykkylven	-----		
	Sætrevatnet	-----		
	Nakkane (Håkonløypa)		-----	
	Stigelia – mindre del i Sykkylven		-----	
2	FRAMTIDIGE LØYPER			
	Støene og ved Sætrevatnet – alternativ del av Fjellseterrunden.			-----
	Revsdalen – framtidig med kobling til skitrekket og Fjellseterrunden.			-----


9.4 Løyper utanfor plan

For heilsaksbildet over løpenetter i områda kring Nysætervatnet er følgjande løyper som ikkje inngår i planen vist som illustrasjon i kartfigur neste side:

	Lysløypa, Sykkylven kommune Eigen reguleringsplan (PlanID 15282008002)		
	Fjellseterrunden i Stranda kommune og Stigelia i Stranda kommune Områda i Stranda kommune inngår ikkje i denne planen. Eige reguleringsarbeid for Fausadal er under arbeid pr 2020.		
	Område rundt Storhaugen. Frå Vikelva til grense mot Stranda kommune. Det skal gå ei løype gjennom området. Endeleg plassering er avhengig av detaljprosjektering av alternative løysingar. Dette må gjerast fram mot rullering av hovudplan for området, <i>Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet</i> , i 2023.		



Midlertidig løysing ved Storhaugen. Område tatt ut av juridisk bindande plan.



9.5 Opparbeidingsgrad

Traseane skal skal køyrast på frosa mark, i hovudsak i naturleg, ope terrenget utan opparbeiding.

I tilfeller der det er særlege behov, kan det:

- Ryddast for hinder som tre, buskar, stubbar og steinar innanfor ei breidde på 6 m.
- Røyr kan leggast der det er naudsynt for å sikre naturleg vassløp og unngå at vatn bryt løypa.
- Enkle bruver kan byggast etter nærmere vurderinger (skal vurderast etter vassressurslova).

For alle inngrep gjeld at tilstelling skal skje med stadeigne massar og stadeigen vegetasjon. Opne skjeringar/fyllingar/grøftekantar skal ikke førekome.

Tiltak utover avgrensingane er søknadspliktige.

Alle tiltak skal avklarast med grunneigar.

9.6 Vegkryssingar

Planen overstyrer ikkje retten til å brøyte private vegar. Løpetraseane er i størst mogleg grad lagt slik at ein unngår kryssing av veg.

Nokre få hyttetomter ligg slik til at tilkomst kryssar hovudløypene (Fjellsæterrunden/Sætrevatnet). For desse er det i gjeldande Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet sett krav som hindrar brøyting over løypa. Desse krava gjeld uavhengig av løypeplanen.

Der veg må krysse løype skal det leggast til rette slik at kryssinga vert mest mogleg trygg. Dette gjeld vegutforming, løypeutforming som dempar fart inn mot veg, sikt, skilting o.a.

Eventuelle over- eller underbygg skal byggemeldast i samsvar med plan- og bygningslova. Planen definerer ikkje kvar slike byggetiltak kan vere aktuelt.

9.7 Lysløypa

Lysløypa inngår ikkje i løypeplanen. Den er regulert i Reguleringsendring Nysætervatnet, ny lysløype – Plan ID 15282008002. Lysløypa er vist som illustrasjon i løypeplankartet (gråstrek).

10 Konsekvensutgreiing

10.1 Metode og kunnskapsgrunnlag


Løypetraseane er i utgangspunktet etablert med minst mogleg terrenginngrep. Kunnskap er henta frå eksisterande registreringar (GisLink) og kunnskapsgrunnlag og analysar gjort i samband med utarbeidning av *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)*.

Landskap

Eksisterande løypetrasear er over tid tilpassa terreng, utbyggingsmønster, vegetasjon, grunneigarinteresser, mm.


Fysiske tiltak i terrenget er svært avgrensa. I stor grad vert opne myrområde nytta. Synlege inngrep er avgrensa til noko rydding av skog og det er bygt bruer over elvar og lagt røyr på enkelte stader i hovudløypene.

Generelt sett vert løypene slik sett vurdert til å ha liten landskapspåverknad.



Naturmangfold

Løypenettet kjem ikkje i direkte konflikt med registrerte sårbare artar. Vinteraktivitet vert vurdert å ha liten påverknad på fugle- og dyreliv. Opparbeiding er avgrensa til mindre inngrep som rydding av steinar, utjamning av tuer og nedlegging av røyr på særleg utsette stader. Ut frå kjente registreringar av naturtilhøve vil ikkje slike tiltak ha vesentleg verknad for naturkvalitetane området.



Kulturminne/-miljø

Løypetraseane er vurdert opp mot registrerte fornminne og kulturminne (GisLink/Askeladden). Eksisterande løypetrasear går nær følgjande automatisk freda kulturminne:


ID 224159 – Nysetra. Jernvinneanlegg. Slaggførekost. Løypa går i strandsona inntil sikringssona for kartlagt funn. Ikkje behov for terrengeinngrep.

ID 147763-1- Lade (Fjellseter ungdomssenter). Kolframstillingasanlegg. Kolførekost. Løypa går i strandsona inntil/delvis i sikringssona for lokaliteten. Ikkje behov for terrengeinngrep.

ID 221686-1 Vassenden (Fjellseter ungdomssenter). Busetting-aktivitetsområde. Kolførekost. Løypa går inntil sikringssona for førekosten. Ikkje behov for terrengeinngrep.

Eksisterande og framtidige løypetraseear berører ikkje registrerte verneverdige bygg eller andre SEFRAK-objekt.

Nye traseear er lagt utan konflikt med registrerte kulturminne.



Detalj Nysætra



Detalj Ungdomssenteret



Friluftsliv/folkehelse

Sikring av løypetrasear vert utelukkande rekna som ei styrking av folkehelsa. Området er eit regionalt viktig turområde med stor dagsturutfart. Løpenettet legg til rette for allment friluftsliv med låg terskel.

Større parkeringsplassar er bygt på tre viktige punkt i området for å lette tilkomst og spreie bruken. Eit fjerde areal vart sikra vinteren 2020. Alle i tråd med vedtatt *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet*.


Sykylven kommune er frå 2020 medlem i Sunnmøre friluftsråd. To ski-STIKKUT-turmål er etablert i løypetraseane vinteren 2020.


I samarbeid med friluftsrådet ønsker kommunen ytterlegare tilrettelagging for enkle friluftsaktivitetar for alle.

Enkelt friluftsliv har dokumentert svært stor effekt på folkehelsa. Saman med alpinanlegget og høgfjells- og toppturmoglegeiteit utgjer områda kring Nysætervatnet eit svært attraktivt vinterutfartsområde.

Kart under viser resultat frå spørjeundersøking om friluftsliv gjennomført vinteren 2011 samt analyse av friluftsbruk av området.

Resultat frå spørjeundersøking:






Landbruk

Landbruksinteresser i området er først og fremst knytt til beiting og seterdrift i sommarhalvåret. Dravlausstølen og Øygardsstølen driv aktiv setering. Direkte konflikt med husdyr er fråverande i skisesongen.

Inndirekte påverknad vil vere auka risiko for forsøpling i vinterhalvåret med negativ verknad for beitedyr i sommarhalvåret.

Generelt vil også auka vinterbruk truleg føre til auka sommarbruk. Fleire hytter grunna gode vintertilbod vil også gi auka bruk og større uro i beiteområda.




Risiko

Risiko er først og fremst vurdert i forhold til forhold til skredfare. Aktsemdeskart Skred Snø Stein fra NVE er lagt til grunn for skredfarevurderinger. Prioriterte løypetrasear ligg ikkje i utsette områder, men kryssar på eit par stader mindre risikosoner, t.d. ved Orreneset og sør for Nysætra. Erfaring frå over 40 års drift tilseier liten eller ingen faktisk rasfare desse stadene. Sonene er basert på grove terrenganalysar, jfr. NVE sin produktspesifikasjon. Reell fare kan vere vesentleg meir avgrensa. Til dømes er det gjort skredfaglege vurderinger av hytteområde i områda kring friluftssenteret som underbygg dette.


Moglege framtidige ligg nokre stader innanfor eller nær risikosoner. Nærare risikoanalyse må vurderast før eventuell oppkjøring.

Islagt vatn

Nysætervatnet er regulert med maksimalt 13 m reguleringshøgde. Usikker is og fare er skiltar rundt vatnet. Løyper i strandsona eller på is (ved demninga i Fausadalen) vert ikkje køyrt før istilhøva er trygge.



Fare for konflikt med drikkevassforsyninga i området er også vurdert under risiko. Generelt vurderer ein forureiningsfare fra løypekøyring som svært låg. Registrerte borepunkt i området framgår av GisLink og NADAG-registeret (NGU).



Tilgjengeleghet

Det er etablert parkeringsplassar fordelt over området i samsvar med vedteken *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)*.


Hovudparkering er ved skisenteret. Utgangspunkt for løypenettet. Enkel tilgang til hovudløypene og med vidare forgreiningar.

Mot vest, ved Gamlestølen/Sætrelia hyttefelt er det etablert ein større kommunal parkeringsplass (statleg sikra), i tillegg til ein privat parkeringsplass. Lett tilkomst til preparert løype og utgangspunkt for høgfjell og toppturar.


Mot aust er det etablert ein større kommunal parkeringsplass ved Fausaskiftet (statleg sikra). Lett tilkomst til preparert løype og utgangspunkt for høgfjell og toppturar.


Ny større kommunal parkering vart bygt på Tudalsreset hausten 2020. Denne sikrar god tilkomst til Revsdalen og Tudalen. Mogleg framtid preparert løype i Revsdalen tar utgangspunkt i denne plassen.

Universell utforming av parkeringar og tilkomst til løypene skal praktiserast. Formelt omfattar løypeplanen kun løypenettet, men aktørane i området må i samarbeid sjå på korleis ein kan gjere heile området mest mogleg tilgjengeleg for alle.



10.2 Eksisterande løypenett

<p>1 Fjellseterrunden Eks. lysløypa</p> <p>Kategori: Hovudløype Arealbruksformål: LNF Lengde: 9,4 km</p> <p>Tot lengd m lysløype: 11,7 km frå P-plass v skisenteret,</p> <p>Omtale: Hovudløypa i løypenettet rundt Nysætervatnet. Start/slutt i lysløypa. Godt innarbeida løype. Trase justert og tilpassa eksisterande regulerings-planar.</p> <p>Del av løypa ligg i Stranda kommune, utanfor planområdet.</p>	 <p>Kartet viser køyrte trasear. I kommunedelplan er det i tillegg andre trasear rundt Storhaugen/Vikelva som ikkje er tatt i bruk..</p>	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Løype lagt i landskapet etter terreg og vegetasjon slik at ein treng minst mogleg terregnbearbeidning. Rydding av traseen nødvendig somme stadar. Mindre utjamningar, fjerning av tuer, stein oa. for å gjere traseen køyrbar under dårlege snøtilhøve. Alle inngrep tilstellt med stadeigen vegetasjon. Ikkje vurdert å ha negativ effekt for landskapet.	0
Naturmangfald	Raudlistearten solblom (VU – sårbar) registrert på Nysætra. Løypetrase over dyrkamark utan opparbeiding. Vurdert å ikkje ha negativ effekt.	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Friluftsliv – folkehelse	Hovudstammen i løypenettet. Særdeles viktig.	+
Landbruk	Løypa går over beitemark på Nysætra. Ikkje registrert negativ effekt.	0
Risiko	Utanfor kartlagde risikosoner. Brøya veg kryssar løypa på Stranda-sida. Kryssing av Nysætervatnet ved demninga i Fausadalalen er avhengig av gode istilhøve. Enkelte strekningar vert køyrt i strandsona. Issprekker ved nedtapping kan førekome. Ikkje vurdert som stor fare.	+
Samla vurdering :		
Hovudstammen i løypenettet. Svært viktig å oppretthalde utan fleire vegkryssingar.		
Endeleg trase ved Vikelva/Storhaugen må arbeidast vidare med før vedtak. Eit mindre område her er tatt ut av plan. Alternativ og midletidig løysing er vist i plankart som ikkje juridisk bindande trasear.		

1.2 Sætrevatnet	<p>Kategori: Hovudløype Arealbruksformål: LNF Lengde: 2,7 km</p> 
Tema	Vurdering
Landskap	Løype utan markerte terregninggrep i ope landskap. Litен/ingen landskapspåverknad.
Naturmangfold	Raudlistearten Myggblom (nær trua) registrert i sørrenden av Sætrevatnet. Løypa går her i ytterkant av myra. Enkelte røyr nedlagt i bekkefar/vassig. Vurdert å ikke ha effekt på myra.
Kulturminne/-miljø	Myrområde. Ingen kjente registreringar.
Friluftsliv – folkehelse	Lett trase veleigna for alle brukargrupper. Sentralt i området.
Landbruk	Vinterløype i myrområde. Vurdert å ha ingen negativ effekt for landbruket.
Risiko	Ikkje registrerte risikofaktorar som berører traseen.
Tilgjengeleghet	Lett tilkomst frå Friluftssenteret og frå parkeringsplassar ved Gamlestølen og Sætrelia.
Samla vurdering :	
Viktigdel av hovudnettet i området. Saman med løypa rundt Nysætervatnet er dette basisen i løpenettet. Lett tilgang, svært mykje brukt og svært viktig å oppretthalde utan kryssande vegar. Ønskeleg med tilrettelegging slik at løypa kan køyrast med lite snø.	

1.3 Håkonløypa-Nakkane	<p>Kategori: Anna løype Arealbruksformål: LNF Lengde: 4,9 km + 0,3 fra P</p>	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Ope lyng- og myrterreng. Litt rydda skog. Lite synlege terrengeinngrep.	0
Naturmangfold	Dravlausstølen og Fitjastølen registrert med funn av ulike beitemarksoppar registrert i Raudlista. Løypa går utom stølsområda, og er heller ikkje terrengebearbeida nær stølane.	0
Kulturminne/-miljø	Passerer Fitjastølen. Ingen terrengeinngrep.	0
Friluftsliv – folkehelse	Flott tillegg til hovudløypa. Meir stigning og bidreg til eit variert løpenett.	+
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Risiko	Ikkje registrert konflikt for naturfare. Eitt brønnpunkt ved Reset er nær traseen jfr. NADAG-basen, men ikkje i konflikt.	+
Samla vurdering :		
Verdifulle del av løpenettet som bidreg til større variasjon og varierte terrengefordinngar.		

10.3 Konsekvensvurdering nye løypetrasear

2.1 Støene Kategori: Mogleg framtidig Arealbruksformå l: LNF Lengde: 0,5 km		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Myr, skog. Ikke konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje kjende registreringar.	0
Kulturminne/-miljø	Ingen registreringar.	0
Friluftsliv – folkehelse	Alternativ del av hovudløypa rundt vatnet. Aktuell dersom brøyting av privat veg.	+
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Risiko	Ingen.	+
Samla vurdering : Hovudløypa Fjellseterrunden går her eit stykke på privat veg. Brøyting av denne har ikkje vore aktuelt så langt. I planprosessen er det likevel undersøkt moglegheit for alternativ trase dersom brøyting skulle bli aktuelt. Alternativ trase er ikkje optimal, men mogleg. For løypa er det ønskeleg å framleis bruke vegen.		
Konklusjon: Vist i plan som mogleg alternativ. Eksisterande trase bør oppretthaldast.		

2.2 Gamlesetra-Festølen (Einarløypa)		
Kategori: Mogleg framtidig Arealbruksformål: LNF Lengde: 1 km		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Ope landskap, myr spreidd skog. Liten effekt.	0
Naturmangfold	Ikkje kjende registreringar.	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt. Møter eksisterande løype (Nakkane) ved Fetstølen.	0
Friluftsliv – folkehelse	Vurdert som ekstra sløyfe som kan gi eit meir variert løypetilbod i området. Har vore nytta tidlegare.	+
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Risiko	Utanfor risikoområde.	+
Samla vurdering :		
Med tanke på moglege framtidig hyttebygging, har ein i løypeplanen peika på løypetrasear som kan vere eigna for oppkøyring. For å trygge desse mot byggetiltak, veglegging oa. er dei tatt med i løypeplan som framtidig mogleg løypetrase.		
Konklusjon:		
Etter 1.høyring er traseen tatt ut av plan. Traseen ligg i noko utfordrande terreng, og er ikkje vurdert som viktig, Den er heller ikkje ønska av grunneigarane.		

<p>2.3 Feststølen-Storhaugen</p> <p>Kategori: Mogleg framtidig Arealbruksformål: LNF Lengde: 2,2 km</p>		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Ope landskap, myr spreidd skog. Liten visuell effekt.	0
Naturmangfold	Ikke kjende registreringar.	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt. Møter eksisterande løype (Nakkane) ved Feststølen.	0
Friluftsliv – folkehelse	Vurdert som ekstra sløyfe som kan gi eit meir variert løypetilbod i området. Har vore brukt tidlegare.	+
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Risiko	Ca 200 m ligg i grensa for aktsemhetsområde Skred Snø Stein, jfr NVE sine registreringar (brun figur i kartet).	0
<p>Samla vurdering : Med tanke på moglege framtidig hyttebygging, har ein i løypeplanen peika på løypetrasear som kan vere eigna for oppkøyring. For å trygge desse mot byggetiltak, veglegging oa. er dei tatt med i løypeplan som framtidig mogleg løypetrase. Traseen har vore brukt før og bør haldast av som ein moglegheit i framtida.</p>		
<p>Konklusjon: Etter 1.høyring er traseen tatt ut grunna plassering innanfor aktsemhetsområdet rasfare og innspel frå grunneigar. Ein fokuserer på ein trase frå lysløypa og austover. Denne traseene vil truleg også krevje meir terregnbearbeidning.</p>		

2.4 Revsdalen	
Kategori: Mogleg framtidig Arealbruksfor mål: I hovudsak LNF. Ca 600 m fritidsbustad m omsynssone friluftsliv (Kdp Nysætervatnet) Krav om sikring av god løypetrase ved detaljregulerin g Lengde: ca 9 km	
Tema	Vurdering
Landskap	Ope, lett kupert myr- og skoglandskap.
Naturmangfal d	Ikkje registrert konflikt
Kulturminne/- miljø	Ikkje konflikt med registrerte kulturminne.
Friluftsliv – folkehelse	Svært familievennleg område med lett tilkomst.
Landbruk	Ikkje konflikt.
Risiko	Løypa er trekt ut av dalen for å redusere risiko. Løyetrase ligg no i ytterkant av aktsemiddssone, vurdert som svært liten risiko.
Samla vurdering : Med tanke på moglege framtidig hyttebygging, har ein i løypeplanen peika på løypetrasear som kan vere eigna for oppkjøring. For å trygge desse mot byggetiltak, veglegging oa. er dei tatt med i løypeplan som framtidig mogleg løypetrase. Revsdalen er eit familievennleg turområde, veleigna for variert vinterbruk.	

Traseen tar utgangspunkt i ny offentleg parkeringsplass på Tudalsreset og viser mogleg trase i dalføret og mot skitrekket.

I *Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)* er det i plankartet vist eiga hensynssone friluftsliv over framtidig byggeområde mellom P-plass og LNF-område i dalføret. (Planutsnitt t.v., omsynssone Friluftsliv m skrå skravur).


Løypeplanen viser mogleg trase i dalføret. Ved detaljregulering av hyttefelt kan traseen justerast dersom det er tenleg for løypevalet. Løypetrase fra parkeringsplassen ut til LNF-område, skal vere funksjonell for brukarane og ikje krysse vegar i hyttefeltet.

Utbyggar av hyttområde har jutsert sin plan og tilpassa den ein tenleg løypetrase ut frå Tudalsreset parkering.



Konklusjon:

Etter 1.høyring er løypa avgrensa til ytre delar av Revsdalen, grunna aktsemndssone mogleg rasfare.

<p>Alternativ trase Storhaugen sør</p> <p>Etter gjeldande kommunedelplan og synfaring m løypeleggjarar.</p> <p>Kategori: Hovudløype Arealbruksformål: LNF</p>	 <p>Alternativ trase sør for Storhaugen, jfr dagens løypekøring. Traseen er nærmere vurdering av vedtatt trase på sørsida av Vikelva i kommunedelplan Nysætervatnet. Synfart med løypefagleg kompetanse.</p>	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	<p>Løype lagt i landskapet etter terren og vegetasjon for minst mogleg terregnbearbeiding. Bruker i stor grad opa myr.</p> <p>Rydding av skog nødvendig i nederste del. Mindre utjamningar, fjerning av tuer, stein oa. ønskeleg somme stader for å gjere traseen køyrbar under dårlege snøtilhøve.</p> <p>Behov for terrentilpassing. Uavklara omfang.</p> <p>Ikkje vurdert å ha negativ effekt for landskapet.</p>	0
Naturmangfold	Ikkje registrerte konflikter.	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Friluftsliv – folkehelse	Del av hovudstammen i løypenet. Særdeles viktig at ein finn ei framtidsretta trase i området.	+
Landbruk	<p>Ikkje registrert spesielle konfliktområde knytt til traseen, utover generelle konflikter knytt til løyper i utmark.</p> <p>Utanfor planlagt framtidig hytteområde.</p>	0
Berekraft	<p>Avgrensa terrenginngrep, samanlikna med alternativ nord.</p> <p>Økonomisk gunstigare enn andre vurderte alternativ (sjå eige vdlegg).</p>	+
Risiko	Utanfor kartlagde aktsemråder ras.	+
<p>Samla vurdering :</p> <p>Prosessens har ikkje landa ei god løysing ved Storhaugen. Det er ønske frå grunneigarane at berre <u>ei</u> løype skal gå gjennom området, noko som er lagt til grunn i planarbeidet. Det er delte meininger om kva som vil vere den beste løysinga ved Storhaugen. Avklaring krev detaljprosjektering på eit nivå som går vidare enn denne kommunedelplanen. I og med hovudplanen for fjellet skal rullerast i 2023, vert det foreslått at ein arbeider vidare med detaljar fram mot rullinga av hovudplanen.</p> <p>Midlertidig løysing blir dagens trase.</p>		

11 Førsegner

Då planen kun omfattar skiløyper er det berre uforma førsegner for skiløype (Idrettsanlegg/Skløyper – SOSI-kode 1400). All anna arealbruk er styrt av Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014 – PlanID 15282013001), og Kommuneplan, Arealdelen (2013 – PlanID 15282013002).

Oppdatert aktsemddssone snøskred er vist i plankart.

1. Skiløyper (Pbl 11-7 nr 2 Samferdselsanlegg - Skiløyper sosi-kode 1140)

Verknad av planen – pbl 1-5

Løypeplanen gjeld for løypetrasear framføre eksisterande kommunedelplan for områda kring Nysætervatet.

Nye område- eller detaljreguleringar skal tilpasse seg til løypeplanen. Eventuell justering av løyeptrase kan gjerast i reguleringsprosess dersom det vil forbetra løyekvaliteten.

Føremål – pbl 11-7

I område avsett til skiløype kan det etablerast løyper med trakkemaskin, opne for allmen ferdsel. Breidde inntil 10 m.

Bestemmelsar til arealføremål – pbl 11-10

Traseane skal i hovudsak køyrast på frosa mark i naturleg, ope terrenge utan opparbeiding.

I tilfeller der det er særlege behov, kan det:

- Ryddast for hinder som tre, buskar, stubbar og steinar innanfor ei breidde på 6 m.
- Røyr kan leggast der det er naudsynt for å sikre naturleg vassløp og unngå at vatn bryt løypa.
- Enkle bruer kan byggast etter nærmere vurderingar (vassressurslova).

For alle inngrep gjeld at tilstelling skal skje med stadeigne massar og stadeigen vegetasjon. Opne skjeringar/fyllingar/grøftekantar skal ikkje førekome.

Tiltak utover avgrensingane er søknadspliktige.

Alle tiltak skal avklara med grunneigar.

Hovudløypene Fjellseterrunden og Sætrevatnet skal ikkje kryssast av brøyta veg.

Om andre løyper må krysse brøyta veg skal det leggast til rette slik at kryssinga vert mest mogleg trygg. Dette gjeld vegutforming, løypeutforming som dempar fart inn mot veg, siktilhøve, skilting o.a. Eventuelle over- eller underbygg skal byggemeldast i samsvar med plan- og bygningslova.

Tilkomst til løypene skal vere univerelt utforma.

Merking av løypene skal vere i tråd med Merkehåndboka.

2. Omsynssoner (pbl 11-8)

H310 Aktsemddsone snøskred (sosi-kode 310)

Ved regulering eller gjennomføring av tiltak som vert omfatta av byggeteknisk forskrift (TEK17) innanfor aktsemddssonene, skal reell fare avklara.

H740 Bandlagt etter anna lovverk - Aktsemddsone høgspantanlegg (sosi-kode 740).

Sona angir område med fare for elektromagnetisk felt over 0,4 mikrotesla.

Det vert krevd utredning av magnetfelt før utbygging av bygningar og anlegg for personopphold som skal gi grunnlag for å vurdere forebyggande tiltak for å redusere påvirkning av magnetfelt.